

Alversund Mållag
c/o Inger-Helen Midtgård
Leknesvegen 213
5915 Hjelmås

26.8.2014

Til
Kulturdepartementet


Høyringsfråsegn – endringar i stadnamnlova

Eg viser til høyringsbrev 02.06.14, dykkar referanse 14/2588.

Alversund Mållag stiller seg bak det synet som Noregs Mållag målbar då saka var på høyring i 2012, sjå fråsegn 7.12.12 Hovudkonklusjonen var slik:

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Noregs Mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Me ber derfor Stortinget om ikkje å gjera endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.

Med helsing
for Alversund Mållag



Inger Helen Midtgård
leiar

Alversund Mållag
c/o Inger-Helen Midtgård
Leknesvegen 213
5915 Hjelmås

26.8.2014

Til
Kulturdepartementet

Høyringsfråsegn – NRK-plakaten

Eg viser til høyringsbrev 06.06.14, dykkar referanse 14/409 M3 HHO:elt.


Alversund Mållag har dette synet på justeringar i NRK-plakaten:

NRK er ein sentral arena for norsk språk og kultur, og det er viktig å vidareføra og sikra denne posisjonen i åra frametter. NRK må derfor framleis ha klare mål for prosentdelen av nynorsk i sendingane sine. 25-prosentregelen må førast vidare, det må gjelda både radio, fjernsyn og nettsidene.

NRK bør satsa på å gje gode vilkår for Nynorsk mediesenter, som har ein særskilt viktig funksjon i å utdanna kompetente journalistar for distriktet vårt. Lokalsendingane må ikkje svekkjast, men ha ein viktig plass i innhaldsproduksjonen.

Alversund Mållag legg vekt på at lokalt talemål skal nyttast, men ikkje minst gjennom arbeidet ved Nynorsk mediesenter har det vist seg at nynorsk normaltalemål er ein ressurs som NRK må styrkja og gje rom for.

Med helsing
for Alversund Mållag



Inger Helen Midtgård
leiar